



VI LAGAR MATEN DIN!

På denne garden har vi sauar. Kvar nordmann et i gjennomsnitt 5 kilo kjøtt frå lam eller sau kvart år. Her på garden produserer vi nok kjøtt til årsforbruket til _____ personar.

Vi har _____ vinterfôra sauar, og _____ lam kjem til verda kvar vår og blir slakta om hausten. I fleire månader om sommaren går dei aller fleste av sauane og lamma på beite i utmarka, og det gir både sunne og friske dyr og godt kjøtt.

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for landbruket i heile Noreg. Kvart år et små- og storfe fôr i utmarka til ein verdi av rundt 1 milliard kroner. Dyr på beite bidreg også til eit rikt biologisk mangfald i utmarka, og dyra sørger for at kulturlandskapet ikkje gror att.

Vi har også _____ mål dyrkamark på garden. Der dyrkar vi gras i sommarhalvåret, som blir til vinterfôr til sauane våre. Berre tre prosent av det samla landarealet i Noreg er matjord. Folkesetnaden i Noreg veks, og det er behov for å byggje ut bustader, næringsbygg, veg og jarnbane. Matjorda blir stadig truga av utbygging. Det er viktig å verne om matjorda vår, slik at vi i Noreg kan halde fram med å produsere mest mogleg mat til dei som lever her, både no og i åra som kjem.

Vi ønskjer å lage mat på denne garden i framtida også!

